



Kirkerådet

HØYRINGSSVAR

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Høyring februar – mai 2015

Høyringsuttale frå Hjelmeland kyrkjeleg fellestråd Vedteken i møte 01.06.15

Det er ein stor utfordring å ha klare oppfatningar om kva som vil vera den beste kyrkjeordninga i Norge i framtida. Det at kyrkerådet er delt i fleirtal og mindretal i mange av spørsmåla, viser at dette er vanskelege spørsmål å ta stilling til. Høyringsspørsmåla stiller store krav til å sjå samanhengane og dei store linene samstundes som ein skal klara å sjå kva som er dei beste løysingane i det minste soknet. Spørsmåla berører alt det me forstår som Den norske kyrkja. Me skal ta med oss det beste i den lange tradisjonen me står i, samtidig som DNK skal riggast for framtida. Me skal vurdera kva som er dei beste løysingane for dei tilsette, for samarbeidet, for tilhøvet mellom råd og embete, for tilhøvet mellom «lek og lærd.» Vidare skal me meina noko om biskopen sin plass, om kyrkjemøtet, bispemøtet, kyrkerådet og bispedømmerådet, og sist men ikkje minst; kven som skal vera arbeidsgjevar for kven.

Det seier seg sjølv at alle svara ikkje blir konsistente. Det er ikkje mogeleg å svara på desse 27 spørsmåla utan at svaret på nokre spørsmål er i disharmoni med andre.. Her er det logiske bristar og svar som ikkje er tilstrekkeleg gjennomtenkte.

Det er likevel viktig for oss å svara, og me håpar at Kyrkerådet tek tilstrekkeleg omsyn til dei høyringsuttalane som nå kjem frå sokneråd og fellestråd, i større grad enn det som vart gjort i samband med refleksjonsnotatet i 2012.

Kyrkjeordninga må også i framtida byggja på at soknet er den grunnleggjande eininga. Det er i det enkelte soknet livet i kyrkja vert levd, og organiseringa av kyrkja må først og fremst tena det arbeidet som skjer i soknet. Det er her evangeliet vert forkynt og sakramenta forvalta. Gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigslar, gravferder, trusopplæring, sjelesorg, diakoni, kyrkjemusikk, misjonalt arbeid og kulturarbeid skjer lokalt. Alle andre organisasjonsmessige strukturar skal støtta opp om lokalkyrkjelyden si løysing av desse oppgåvene. Den lokale verksemda er livsnerva i kyrkja. (Fritt etter kyrkjemøtet 2007). Slik er det – og slik må de vera også framover.

Høyringsspørsmåla

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar:

Ja.

Det må opprettast eit nytt, robust fellesråd/ prostiråd for utøving av arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i kyrkja innanfor sokna sine område, og for profesjonell ivaretaking av gravferdsforvaltninga, kyrkjebygga og elles det som høyrer inn under § 14 i kyrkjelova.

Det må fasthaldast at soknet er grunneininga i kyrkja. Den juridiske handleevna som soknet har, må vidareførast. Gjennom eit utvida fellesråd, gjerne omdøpt til prostiråd dersom grensene for prostiet vert samanfallande med fellesråds grensene, vil soknet ha tilstrekkeleg kompetanse gjennom sine tilsette medarbeidarar til å utøva det ansvaret og dei oppgåvene det får etter lova.

Det er nødvendig med eit representativt organ på kommunenivå (utvida fellesråd/ prostiråd) som talar kyrkja si sak direkte til lokale politikarar, både i økonomiske saker og i andre saker som har felles interesse for kyrkja og kommunen.

Me ønskjer ikkje ei meir sentralstyrt kyrkje. Difor meiner me at det ikkje er eit godt og framtidsretta forslag at fellesråda vert nedlagt og oppgåver og ansvar flytta til bispedømmerådet.

Me deler difor synspunktet til mindretalet i kyrkjerådet som seier at oppgåver og myndigheitsfordeling mellom dei ulike nivåa bør justerast slik at den lokale kyrkja vert styrka.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

Ja.

Stat og kommunane bidreg med storparten av dei økonomiske midlane til finansieringa av kyrkja. Dette er med på å byggja opp om folkekyrkja. Finansiering basert på t.d. medlemsavgift eller frivillige gåver, vil endra folkekyrkja til ei kyrkje der ein del kyrkjelydar vil overleva og kanskje styrka seg, medan andre vil forsvinna. Det ligg og ein fare i at kyrkja blir for toppstyrt dersom det kommunale ansvaret fell bort, noko som bryt med prinsippet om det allmenne prestedømmet og vår lange folkekyrkjetradisjon. Ei ny kyrkjelov må ikkje bli for vag på dette punktet. Lova må innehalda forpliktande formuleringar om kommunane sitt ansvar, slik KL § 15 gjer i dag.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Me ser ikkje bort frå at det kan finnast andre modellar som kan vera like gode som den offentlege finansieringa me har i dag, men me vil ikkje ønskja at kyrkja vert finansiert gjennom innkreving av medlemsavgift. Ei allmenn livssynsavgift kan kanskje vera ein veg å gå – i kombinasjon med ei offentleg finansiering. Me fryktar at ei total omlegging av finansieringa vil øydeleggja grunnlaget for ei landsdekkande folkekyrkje.

Me trur og at auka bevisstgjerjing frå mange aktive kyrkjemedlemer vil føra til at givartenesta vil auka framover.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Det er liten tvil om at Den norske kyrkja har ein altfor komplisert og kanskje også urasjonell oppbygging og struktur. Dette i seg sjølv skapar grunnlag for forenkling, og når me i tillegg tek med det økonomiske aspektet, er det utvilsomt behov for forenklingar, rett og slett ei strukturrasjonalisering. Me trur at det å samla oppgåver og ansvar som 418 fellestråd har i dag, til anslagsvis 150 fellestråd/prostiråd, vil innebera ei betydeleg rasjonalisering og dermed også ein økonomisk gevinst på sikt. Ei samanslåing av dagens to arbeidsgjevarliner vil sannsynlegvis også ha ein økonomisk gevinst. Dersom arbeidsgjevaransvaret vert lagt til «det nye fellestrådet», vil ein kunna avgrensa den kyrkjelege strukturen til to nivå; kyrkjemøte/ kyrkjeråd og sokneråd/ fellestråd. I dette biletet vil det altså ikkje vera plass til eit bispedømmeråd som eit valt, demokratisk organ.

På alle nivå og i alle ledd er det viktig å jakta på tidstjuvar og minimera ressurstap.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Dei fleste soknegrensene vart etablert i ei tid der kyrkjesokn var ei rasjonell og naturleg avgrensing utfrå geografi og folkesetnad. Der folk budde, vart det bygd ei kyrkje. «Frå her me står nå, ser me 7 kyrkjesokn...» I dag er ikkje nødvendigvis desse gamle grensene så naturlege, men så lenge me har soknekyrkjer, så har me og ein soknestruktur med utgangspunkt i desse kyrkjene. Det pågår ein prosess med samanslåing av små sokn over heile landet, og dette vil nok halda fram uavhengig av kyrkjeordninga. Me ser det ikkje som naturleg at sokn skal tvangssamanslåast. Det er behov for eit nytt regelverket for samanslåing av sokn.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

Ja.

Dette er ei ordning som fungerer bra. Det er svært mange små sokn i Norge som ikkje har dagleg leiar eller andre tilsette. Sokneråda har ikkje kompetanse på mange av dei oppgåvene som er lagt til fellesrådet, og ein kan heller ikkje forventa at eit demokartisk valt organ skal påta seg dei forvaltningsmessige oppgåvene som fellesrådet v/ dagleg leiar utøver i dag på vegne av soknet.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

I utgangspunktet på kommunenivået, men dette vil i stor grad vera avhengig av kommunereformen. Dersom det etter kommunereformen framleis er mange små kommunar under 10000 innbyggjarar, så bør fellesorganet omfatta fleire nabokommunar. Det avgjerande er om fellesorganet er kompetent, har store nok stabar, og kan rekruttera medarbeidarar med den nødvendige kompetansen. Fellesorganet bør ikkje liggja på bispedømmenivå.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

Ja.

Soknerådet må framleis ha sitt fokus på det som i dag står i § 9 i Kyrkjelova, og at dei har reell innflytelse på det arbeidet som skjer i soknet, herunder ein sterkare innflytelse i tilsetjingssaker og i økonomiske saker. Ideelt sett bør alle sokn ha ein dagleg leiar, men det fordrar ein viss storleik på soknet. Eit nytt fellesorgan på kommunenivå vil naturleg nok få tilført oppgåver som i dag ligg på bispedømmenivået, t.d. tilsetjing av prestar.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

Ja.

I tråd med det som er svart på andre spørsmål, må alle tilsette underleggjast same styringsorganet. Det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som også inkluderer prestetenseta. Når styrings- og leiingsansvaret er samla i eitt organ, skal dette sikra felles mål og strategiar.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Det vil vera ein fordel at sokna er store nok til at dei kan ha ein dagleg leiar, men det er sannsynlegvis ikkje mogeleg slik soknegrensar og kommunegrensar er eller vil bli. Soknepresten må ha fokus på det åndelege leiarskapet som ligg i presten si teneste etter tenesteordning for kyrkjelydsprestar § 10, men presten bør ikkje ha stillinga som dagleg leiar.

Ut frå dette støttar me synspunktet til fleirtalet i kyrkjerådet. (1 A)

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Biskopen skal først og fremst ha ei tilsynsrolle i samsvar med tenesteordninga for biskopar. Biskopen bør ikkje ha arbeidsgjevaransvar. Dermed sluttar me oss til kyrkjerådet sitt mindretal i pkt B.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Etter vårt syn vil tenesteordninga for biskopar gje biskopen dei nødvendige verkemidlane for å ivareta tilsynet på ein god måte. Biskopen bør også i framtida sikrast ei rolle i tilsetjings- og avskilssaker av vigsla personell, utan å vera arbeidsgjevar. Biskopen må også i framtida vera den som ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste. I eit utvida fellesråd/prostiråd må det vera ein styrka kontakt mellom biskop og lokalnivået.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Dagens ordning med ein kombinasjon av rådgjevande avstemming – og deretter tilsetjing i Kyrkjerådet, bør halda fram. Dette er ei ganske ny ordning, og bør prøvast gjennom fleire år før ein ev. gjer endringar.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

Ut frå det som tidlegare er svart på spm. 11 og 9, vil me meina at behovet for eit demokratisk valt bispedømmeråd blir borte. Nåverande oppgåver må då overtakast av andre organ. Me ser likevel behovet for at biskopen har eit rådgjevande organ som har ansvar for strategisk arbeid, fagleg utvikling innan diakoni, trusopplæring, gudstenesteliv og kyrkjemusikk, som har støttefunksjonar overfor kyrkjelydane.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerrådet?

Svar:

I utgangspunktet ingen. Sjå spm. 14.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

Nei. Dei som arbeider i dei regionale og sentralkyrkjelege organa må ha det sentrale rettssubjektet som arbeidsgjevar. Dei resterande må ha det lokale leddet, representert ved det utvida fellesrådet/ prostirådet. Å leggja arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette på lokalplanet til bispedømmerrådet, vil svekka soknet si styring over eigne ressursar. Me vil at arbeidsgjevaransvaret er forankra i eitt kyrkjeleg rettssubjekt, og vil føretrekka det lokale rettssubjektet, altså soknet, der dette ansvaret vert utøvd av fellesråd/ prostiråd.

Me støttar kyrkjerådet sitt mindretal i pkt B

Eit mindretal (1 stemme) meiner at prestar må tilsetjast av sentralnivået.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette på lokalplanet må leggjast til fellesrådet/ prostirådet, og utøvast av dagleg leiar for dette. Arbeidsgjevaransvaret må forankrast i soknet som rettssubjekt. Me støttar vidare mindretalet i pkt. B som seier at biskopen må sikrast innflytelse på tilsetjing i vigsla stillingar og leing av prestetenesta.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I utgangspunktet må det vera like, landsdekkande ordningar, men der kommunane vert for små til å skapa robuste einingar, må det opnast opp for samarbeid mellom fellesråda i fleire kommunar. Dersom fellesrådsområda og prostia får samanfallande grenser, vil dette ikkje vera ein aktuell problemstilling.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslende tjenester?

Svar:

Prosten må ha eit fagleg leiaransvar for prestetenesta, og også vera rådgjevar og rettleiar for tilsette i vigsla stillingar. Prosten må ha det avgjerande ordet når det gjeld det pastorale leiarskapet i kyrkjelydane. Tenesteordningane vil og vera med på å sikra den faglege integriteten og sjølvstendet i dei enkelte stillingane. Det

spesielle ved dei ordinerte og vigsla stillingane vert ivareteke gjennom biskopen sitt rolle som tilsynsmann.

Dei fleste tilsette i kyrkja er ikkje vigsla eller ordinerte. Alle skal arbeida saman mot felles mål, og det må ikkje utviklast ordningar som skapar skilje mellom dei ulike stillingane. (A og B-stillingar)

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Kyrkjemøtet skal vera den øvste, representative myndigheit i kyrkja. Kyrkjemøtet vedtek kyrkja sine ordningar, tek avgjerd i saker av læremessig karakter og fastset og fordeler økonomien i kyrkja.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Dersom bispedømmerådet forsvinn som eit valt, demokratisk organ, må også samansetjinga av Kyrkjemøtet endrast. Det mest naturlege er at fleirtalet i Kyrkjemøtet er valde ved direkte val, samstundes med soknerådval. Sidan kyrkjemøtet til nå har hatt sitt mandat frå staten og vore underlagt direkte statleg styring, så er det mest nærliggjande at dette mandatet vert overteke av det sentrale rettssubjektet, som då også må få ansvaret for korleis kyrkjemøtet skal setjast saman og kva rolle det skal ha.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Me støttar fleirtalsoppfatninga som framgår av pkt 1A.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Me støttar kyrkjerådet si vurdering i pkt. 2.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet vil få mange nye oppgåver og fullmakter etter grunnlovsendingane i 2012. Det vil bli fleire tilsette, og rådet vil få ein større betydning i kyrkjeordninga. Det at Kyrkjerådet er namnet både på det demokratisk valde rådet og på det administrative sekretariatet, er uheldig. Sekretariatet må få eit nytt namn. Kyrkjerådet (det valde rådet) må ha ei representativ samansetjing. Nåverande ordning bør kunna vidareførast, slik at alle bispedømme er representerte, at preses er medlem, og at det bør vera minst 40% av kvart kjønn.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Historia viser at lærenemnda er sjeldan i funksjon. Det er nå 9 år sidan sist. Det synest difor ikkje som eit problem om lærenemnda vert avvikla og at Bispemøtet overtek ansvaret for læresaker åleine.

Eit mindretal (2 stemmer) meiner at lærenemnda skal bestå.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Me ser ikkje nokon grunnar for å endra nåverande ordning.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Me støttar kyrkjerådet si førebels vurdering slik at ungdomsdemokratiet vert regelfesta som ein del av kyrkjeordninga, vedteke av Kyrkjemøtet, og at dei funksjonane som Ungdommens kyrkjemøte har i dag, vert vidareførte.